


REGULERINGSFØRESEGNER VEDKOMMANDE REGULERINGSPLAN FOR DEL AV
INDUSTRIOMRÅDE I KNARVIK, LINDÅS KOMMUNE,
med endring vedteken i Lindås kommunestyre 3.11.83



Generelt:

0.1 Det regulerte området som er synt på planen innafor den oppgjevne avgrensingslina skal nyttast til:

- A Produksjonsareal med lager, verkstad og kontor.
- B Trafikkareal med vegar, gangveg, parkeringsplass, samt vass-, kloakk- og overvassleidningar, telefon og elektrisitetsnett.
- C Friareal

A Produksjonsareal med lager, verkstad og kontor:

- 1.1 a) Produksjonsområdet skal nyttast til industri, håndverk, kontor og lager. ~~Området kan og nyttast til brannstasjon.~~
 - b) Etter vurdering kan bygningsrådet tillata lagerutsal i samband med produksjon.
 - c) Bygningsrådet kan, etter nøye vurdering i kvart tilfelle, tillata etablering av handelsverksemd utan produksjon i fylgjande varegrupper: Bygningsartiklar, møblar, brensel, drivstoff/smøreolje, bilar/båtar m/rekvisita, landbruks-/anleggsmaskiner og hagesenter.
 - d) Private og offentlege tenester som i hovudsak vender seg til publikum, skal som hovudregel ikkje godkjennast i området.
 - e) Utnytting av området til annan detaljhandel skal handsamast etter bygningslova § 27 som vesentleg reguleringsendring. Dette kravet gjeld og for bruksendring av eksisterande bygg.
- 1.2 Areala skal byggjast ut med grøntanlegg i den utstrekning bygningsrådet tillet.
- 1.3 Areala skal helst byggjast ut med bygningar som har spennvidder og søyleavstandar i samhøve til planens modulnett.
- 1.4 Industriareal utanfor avgrensingslina for byggeareala kan nyttast til fellesfunksjonar som trafikkareal, parkering og friareal/grøntanlegg.
- 2. Bygningar - utforming:
 - 2.1 Det er ein føresetnad at areala skal byggjast ut med 1 plans bygg, men der kor bygningsrådet kan godtaka det, kan det byggjast ut med bygningar i meir enn eitt plan.
 - 2.2 Bygningane må plasserast innanfor dei regulerte avgrensingsliner og helst med møneretning parallelt med B -aksen.
 - 2.3 Det skal i størst mogeleg utstrekning nyttast bygningar med einsarta takform og -vinkel. Det er ein føresetnad at det innan eit byggareal vert brukt felles takform og -vinkel.
 - 2.4 Det skal i størst mogeleg utstrekning nyttast sams konstruksjonsoppbygging og materialval i bygningane. Det er ein føresetnad at det innan eit byggareal vert nytta felles konstruksjonsoppbygging og materialval.



3. Lagerareal:

- 3.1 Der kor lager skal innbyggjast må det utførast med form og utsjånad som harmonerer med bygningane elles.
- 3.2 Lagerbygg skal så langt som mogeleg byggjast med spennvidder og søyleavstander slik at det passar inn i planens modulnett.
- 3.3 Utandørs lager må utformast og utførast på ein slik måte at det ikkje verkar skjemma for området.

4. Interne trafikkareal:

- 4.1 Den einskilde verksemd må på eige område byggja laste- og losseplassar for eigen vidaretransport.
- 4.2 Inn- og utkøyringstilhøva skal vera mest mogeleg trafikksikre med godt oversyn.
- 4.3 Parkering av personbilar skal gå føre seg på felles parkeringsplassar.

5. Utsjånad, materialval og fargar:

- 5.1 Bygningsrådet skal sjå til at bygningane får godt skap og materialbehandling, og at bygningar på same byggareal får ei seg i mellom harmonisk utføring.
- 5.2 Bygningsrådet kan krevja at materialval og fargar på førehand skal godtakast av bygningsmyndigheitene.

6. Innhegning og ytre utstyr:

- 6.1 Områda skal i minst mogeleg utstrekning inngjerdast. Mogelege gjerde, portar o.l. skal før oppsetjing godtakast av bygningsmyndigheitene.

B Trafikkareal med vegar, gangveg og parkeringsplass:

- 7 Vegar, gangveg og parkeringsplassar skal opparbeidast etter ein samla plan etter kvart som området vert utbygd og kravet melder seg.
- 7.1 Før eit bygg vert sett igang kan bygningsrådet krevja at opparbeiding av vegar, gangveg, samt vass-, kloakk- og overvassleidingar samt telefon- og elektrisitetsnett vert utført heilt fram til tomta.
- 7.2 Bygningsrådet kan krevja at parkeringsplass skal utbyggjast etter kvart som utbygginga av området føregår og kravet melder seg.

C Friareal:

- 8. Felles grøntanlegg og friareal skal opparbeidast etter ein samla plan godteken av bygningsrådet.

D Diverse:

Ved byggjemelding skal det innsendast situasjonsplan som syner korleis tomta er tenkt planert og opparbeidd, samt syner utvidingsmogelegheiter for verksemda.



- 9.1 Transformator kioskar skal plasserast etter ein samla plan godteken av bygningsrådet.
- 9.2. Elektrisitets- og telefonnett skal førast som leidningar i grunnen.
- 9.3 Der tilhøva gjer det naudsynt kan leidningar for vatn, kloakk, elektrisitet, telefon o.l. førast over tomt med rett til å føreta naudsynte reparasjons- og fornyingsarbeid.
- 9.4 Området skal byggjast ut med felles reinseanlegg for avlaupsvatn, men kor det vert naudsynt kan bygningsrådet krevja at ei verksemd sjølv må føreta reinsing av eige avlaupsvatn, før det vert ført inn på hovudleidningsnettet.
- 9.5 Bygningsrådet kan avgjera at særleg skjemmande industri med omsyn til larm, lukt, røyk og anna forureining ikkje skal plasserast i området.
- 9.6 Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld bygningslova, kommunen sine føresegner til denne lova, departementet sine byggeføresegner og eventuelle andre lover og forskrifter som kan vera av tyding.
- 9.7 Etter at desse føresegnene er gjort gjeldane, er det ikkje høve til ved privat servitutt å oppretta tilhøve som strir mot reguleringsplanen eller føresegner til denne.
- 9.8 Innanfor råma av bygningslova, kommunen sine føresegner til denne lova og departementet sine byggjeføresegner samt eventuelle andre lover og føresegner, kan bygningsrådet gjeva løyve til unntak frå desse føresegnene, dersom særlege grunnar talar for dette.



Stadfesta 25/1-84
Per OverSkog
ef

Lindås kommune

John Wille